

Torbjørn Harald Romarheim
Radøyvegen 246
5911 ALVERSUND

Stenging og oppretting av ny avkøyrslé - gnr 131 bnr 24 - fv 565 Radøyvegen - Alver kommune

Vi viser til brev mottatt 22.12.2020.

Det er søkt om å flytte avkøyrslé frå fv. 565 Radøyvegen av gnr. 131 bnr. 24 i Alver kommune. Eigedomen er ein eksisterande bustadeigedom med tilhøyrande avkøyrslé ut mot fylkesvegen. Søknaden grunngjev ønske om ny avkøyrslé med at dagens avkøyrslé har ei dårleg utforming og ikkje tilstrekkeleg friskt ut mot fylkesvegen.


Vestland fylkeskommune mottok denne saka først 6.9.2020. I brev den 17.9.2020 skriv vi at dagens avkøyrslé ikkje er optimal, men at det er nokre moment som må avklarast før ny avkøyrslé kan byggjast slik de har søkt om. Følgjande moment vert lagt frem som krav/råd frå Vestland fylkeskommune;

Brev datert 22.12.2020	Tilbakemelding
1. Avkøyrslé bør trekkast ein meter eller to lengre nord. Dette for å unngå at det vert etablert eit x-kryss mot motsett side av fylkesvegen, og eit køyremønster som ikkje er ønska over vegen.	Vi kan ikkje sjå at dette er blitt gjort ut ifrå teikning som vert lagt ved.
2. Vi minner om at det skal vere fall frå fylkesvegen og inn i avkøyrslé, for å unngå at grus, vatn og liknande kjem ut i vegbana.	Teikninga som er sendt inn viser ikkje fall eller handtering av overvatn. Sjå figur nedanfor.
3. Det bør lagast teikning av lengdeprofil for tilkomstvegen. Denne må syne grøfter og sideareal.	Det er sendt inn teikningar. I tillegg til desse treng vi ei teikning som viser grøfter og korleis ein sikrar drenering. I tillegg viser ikkje teikninga riktig fall frå fylkesveg.
4. Dersom du følgjer ein svingradius på 4 meter, slik vist på kartet, vert tilkomstvegen liggande minimum 8 meter frå Radøyvegen.	Dette kan akseptrast, men radius er ikkje vist i ny teikning. Vi etterspør difor ein teikning som viser dette.
5. Du må beskrive korleis dagens avkøyrslé skal stengast.	Vi treng ei teikning som viser at avkøyrslé er stengt og ei skildring av korleis og med kva materiale avkøyrslé skal stengast.
6. Du må ta kontakt med Alver kommune som skal vurdere tiltaket etter plan- og bygningslova.	Alver kommune er med dette sett på kopi som mottakar av dette brevet.
7. Tilkomstveg slik omsøkt medfører mellom anna sprenging tett opp til vegen. Dette må også Alver kommune godkjenne.	Som nemnd i førige brev krev sprenging og graving i nærleiken av fylkesvegen at du sørger for å få utarbeidd arbeidsvarslingsplan.

	Statens vegvesen skal godkjenne denne. Dette kan du avvente med til du får vedtaket etter veglova frå oss.
8. Du må ta kontakt med Vestland fylkeskommune ved INV - Prosjekt Bergen for å avklare behov for gjennomføringsavtale. Vi meiner det er særleg behov for å få grøfta arealet langs fylkesvegen.	Her kan du ta kontakt med Kari Vatn: Tlf: 900 194 26 kari.vatn@vlfk.no

Teikninga under viser krav til vertikal linjeføring i avkøyrsla. Merk særleg at det skal vere eit fall frå kanten på fylkesveg og inn i avkøyrsla for å sikre at vatn mv. renn vekk frå vegbana.

MAKSIMUM STIGNING ELLER FALL LANGS MIDTLINJA I AVKØYRSLA



Som nemnd over er Vestland fylkeskommune i utgangspunktet positive til å flytte dagens avkøyrsla slik at de får ei meir trafikksikker avkøyrsla. Vi treng noko meir informasjon før vi kan ta endeleg stilling til den nye avkøyrsla. Det har vi gjort greie for i tabellen over. Når vi får det vi manglar, vil vi fatte eit vedtak om avkøyrsla.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål knytt til innhaldet i dette brevet. Sakshandsamar er Sara Nordahl. E-post: sara.nordahl@vlfk.no eller på telefonnr: 477 81 805.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Sara Nordahl
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4